

Levekårsutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	22.04.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 14:00 - 17:00

Medlemer som møtte	Parti
Espen Cornell Jacobsen	Arbeidarpartiet
Geir Knarvik Fjeldstad	Arbeidarpartiet
Kristin Børve Jacobsen	Fremskrittspartiet
Renate Toft	Høgre
Robert Kaupang Sæle	Høgre
Synne Nordøy	Høgre
Hege Renathe Glesnes	Industri- og næringspartiet
Helge Nilsen	Kristeleg folkeparti
Kjell Rune Garlid	Sotralista-TVØ

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Ernst Morten Einarsen	H	Trine Teodora Trygvesdotter	H
Sølvi Kobbeltvedt	Sp	Terje Strandtun	Sp

Desse møtte frå administrasjonen

Kommunalsjefar; Marius Sylta, Line Barmen, kultursjef Marian Guddal Hansen

Delar av møtet: Hege Gundersen

Møteleiar	Helge Nilsen
Møtesekretær	Grethe Bergsvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
019/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
020/26	Referatsaker og orienteringar	
021/26	Tilstandsrapport barnevernstenesta 2025	
022/26	Folkehelse- og oppvekstprofilar 2026	
023/26	Forslag til ny forskrift for skulefritidsordninga for Øygarden kommunale skular	
024/26	Midlertidig endring av alkoholpolitisk handlingsplan og tilhøyrande forskrift om skjenketider i Øygarden kommune - Fotball-VM 2026	
025/26	Svar på høyring om integreringsstønad for nyankomne flyktningar	
026/26	Spørsmål	
027/26	Kulturprisen 2025 - ny behandling	Ikkje offentleg

019/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Behandling i møtet

Lukking av møtet

Med heimel i kommunelova § 11.5 spør møteleiar utvalet om å lukka møtet ved behandling av PS 016/26 - Kulturprisen 2025. Saka er omfatta av lovbestemt teieplikt jamfør offentleglova § 13, 1. ledd og forvaltningslova § 13, 1. ledd nr. 2.

Val av sette-nestleiar

Med bakgrunn i Ernst Einarsen (H) sitt fråvær fungerte Helge Nilsen (KrF) som møteleiar. Robert Kaupang Sæle (H) - vart valt som nestleiar.

Votering

Forslag frå nestleiar vart samrøystes vedteke.

Utvalet sluttar seg til forslaget om å lukka møtet ved behandling av kulturprisen.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 019/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

020/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

RS 004/26 - informasjon om stafett for livet på Ågotnes, oppfordra alle politikarar til å delta

RS 006/26 - informasjon om arrangementet for utdeling av stipenda, oppfordra utvalet til å møte på dette neste gong.

Det var ikkje merknader til dei andre sakene.

ORIENTERINGAR

Faste orienteringar i møtet:

- Status og aktuelle saker - kommunalsjef Line Barmen
 - Resultat etter brukarundersøkinga Betre kommune - helse og velferd v/Line Barmen
 - Viser oversikt over når og kva tenester det er gjort brukarundersøkingar på
 - Brukargruppa med personleg assistent kunne ikkje bruke malen frå Betre kommunar og dette verktøyet er i ferd med å fasast ut
 - For detaljar i brukarundersøkinga vert det vist til vedlagte presentasjon
 - Viser også plan for kommande brukarundersøkingar
 - Oversikt over partnarskapsavtaler og samarbeid med forskningsinstitusjonar
 - Oversikta ligg som vedlegg i saka
 - tal over utskrivingsklare pasientar, framleis sterk auke, men fleire tiltak er sett i verk for å kunne ta i mot desse raskare
- Status og aktuelle saker - kommunalsjef Marius Sylta
 - Oppvekstprofil - korleis står det til med barn og unge i Øygarden kommune? Dei fleste lever gode liv
 - Gjennomgang av rapport over oppvekstvilkår viser likevel at ungdommar i Øygarden kommune har fleire utfordringar enn gjennomsnittleg på landsbasis
- Status og aktuelle saker - kultursjef Marian Guddal Hansen
 - Status på desse hallane i kommunen, Ågotneshallen, Bildøyhallen, Hjeltefjorden Arena, hallen ved Knappskog skule, Sotra Arena, - bruk, omfang, utviklingspotensiale, analyse og tolking - kva trengs av vidare tiltak
 - Idrettskonferansen 2026, Frivilligdagen, nyinnflyttararrangement, prosjektet Møteplass av og for ungdommen
 - Kva er frivilligbør - internasjonat konsept - meir og betre samarbeid mellom ulike sektorar i samfunnet - gjennomført på Rong og skal gjennomførast i Skogsskiftet
 - Informasjon om kva som skjer i Øygarden må styrkast
- Orientering om seminaret til Fedje 28. - 29. mai v/Grethe Bergsvik
 - førebels program er sendt ut

Andre orienteringar i møtet:

- Orientering om Autismeforeninga v/Torgeir Sæter

- Utvikle samarbeid med kommunane i Bergensområda
- Auke i personar med autismediagnose og dermed auke i medlemsmassen. Presenterte kva aktivitetar som foreninga tilbyr, vert oppdatert halvårleg
- All drift av foreninga er basert på frivillig arbeid, medlemer opplever at dei avlastar kommunane og treng å etablere eit samarbeid
- Stort behov for ulike tenester frå det kommunale tenestetilbodet
- Ønskjer tettare dialog med kommunane i prosjektet "Mer Sammen" for å finne felles løysingar
- Invitert kommunar til dialogmøte 13. mai saman med Husbanken om bustadløyisingar

Det var ingen merknader til orienteringane.
Eventuelle presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 020/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

021/26: Tilstandsrapport barnevernstenesta 2025

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Fellesframlegg Alva Betine Kilvik UR

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

Behandling i møtet

Ungdomsrådet drøfta tilstandsrapporten til barnevernstenesta og er uroa over forhold som kjem fram i denne. I samband med dette kjem UR med desse innspela til rapporten og som dei meiner kan betre tilhøva for barn og unge i Øygarden kommune:

- auke tilbodet i skulehelsetenesta då det ofte er der barn og unge går når dei har vanskar

- auke opningstidene på innbyggartorg og bibliotek då barn og unge opplever det som ein trygg og god plass å vere
- er glad for at prosjektet Møteplass av og for ungdom på Straume snart vert realisert og vil peike på at det er behov for tilsvarande møteplassar også sentralt i den søre og nordre delen av kommunen.
- endre opningstidene til helsestasjon for ungdom på Sartor Storsenter til tidspunkta der ungdom er på senteret, som er etter skuletid og utover.
- satse på fleire utekontakter som kan vere på jobb på ettermiddag og kveldstid der ungdom ferdast og inngå samarbeid med frivillige, til dømes Natteravnar.
- arbeide for å styrke kollektivtilbod og andre transporttilbod slik at ungdom kan komme seg trygt til og frå aktivitetar
- gi meir og betre opplæring i barnehagar og skular som set barn og unge i stand til å skilje mellom kva som er vanleg/streng oppdraging og kva som er fysisk og psykisk vald i heimen

Votering

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 017/26

Tilråding frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Endringsforslaget Robert Kaupang Sæle H

Levekårsutvalet vil fremja vedtaket gjort i ungdomsrådet:

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til behandling fekk utvalet ein presentasjon om saka ved leiar for barnevernet, Hege Gundersen.

Presentasjonen ligg ved saka.

Votering

Forslaget frå Robert Kaupang (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 021/26

Tilråding frå levekårsutvalet:

Levekårsutvalet støttar vedtaket frå ungdomsrådet (UR) og tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga i UR til vidare politisk behandling.

022/26: Folkehelse- og oppvekstprofilar 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til behandling fekk UR kort orientering om arbeidet med å analysere aktuelle data ved Elin Helland-Jooste.

Ungdomsrådet hadde innspel til korleis ein kunne betre oppvekst og folkehelse for barn og unge:

- utdanning er viktig og særleg det å fullføre vidaregåande skule. For å vite kva utdanningsretning ein skal velja så foreslår UR betre høve til å kunne teste ut ulike retningar med fleire besøksdagar på aktuelle skular, høgare kvalitet på den opplæringa som vert gitt på ungdomsskulen i timane "utdanningsfag".
- styrke arbeidet med å fange opp barn og ungdom som slit med ulike fag og gi dei målretta tilbod
- styrke leseglede og lesekunnskap allereie i barnehagane og forsterke dette inn i skulen med tilbod som sommarles, lære å lese gjennom leik, språk-kommunen med meir
- utvide samarbeidet mellom skulane og biblioteka

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 021/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026

Endringsforslag Lisbeth Hjortland FFO

- RFF tek saka til orientering og ber kommunedirektøren leggja vekt på folkehelseutfordringar og forebygging og tidlig innsats i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Fellesforslag frå RFF Lisbeth Hjortland FFO

- RFF vil understreka at det er viktig å jobba for å auke kunnskapsnivået og kompetansenivået til innbyggjaren, for eksempel ved å styrke vaksenopplæringa.

Behandling i møtet

Votering

Endringsforslag frå Lisbeth Hjortland vart samrøytes tilrådd.

Felles tilleggssforslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026 - saksnr. 017/26

Råd for personar med funksjonsnedsetjing har slik tilråding til kommunestyret:

- RFF tek saka til orientering og ber kommunedirektøren leggja vekt på folkehelseutfordringar og forebygging og tidleg innsats i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.
- RFF vil understreka at det er viktig å jobba for å auke kunnskapsnivået og kompetansenivået til innbyggjaren, for eksempel ved å styrke vaksenopplæringa.

Eldrerådet 16.04.2026

Forslag frå eldrerådet

- Eldrerådet tek rapporten til orientering.
- Eldrerådet ser med uro på utviklinga ovanfor barn og unge og er oppteke av at det blir sett i verk målretta tiltak som demmer opp mot dei utfordringane som går fram av saka. Eldrerådet rettar særleg fokus på forebyggjande arbeid.
- Eldrerådet ber om ei orientering om planar og tiltak som er sett i verk for å møte dei utfordringane som rapporten skisserer.

Behandling i møtet

Votering

Fellesforslaget frå eldrerådet vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Eldrerådet 16.04.2026 - saksnr. 019/26

Eldrerådet har slik tilråding til kommunestyret:

- Eldrerådet tek rapporten til orientering.
- Eldrerådet ser med uro på utviklinga ovanfor barn og unge og er oppteke av at det blir sett i verk målretta tiltak som demmer opp mot de utfordringane som går fram av saka. Eldrerådet retter særleg fokus på forebyggjande arbeid.
- Eldrerådet ber om ei orientering om planar og tiltak som er sett i verk for å møte dei utfordringane som rapporten skisserer.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Endringsforslag Synne Nordøy H

Levekårsutvalet ønskjer å støtte vedtaket gjort i ungdomsrådet:

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av handlinga i ungdomsrådet, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå Synne Nordøy (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 022/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av handlinga i ungdomsrådet, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

023/26: Forslag til ny forskrift for skulefritidsordninga for Øygarden kommunale skular

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 018/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026 - saksnr. 016/26

Råd for personar med funksjonsnedsetjing har slik tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 023/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

024/26: Midlertidig endring av alkoholpolitisk handlingsplan og tilhøyrande forskrift om skjenketider i Øygarden kommune - Fotball-VM 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt forslag om midlertidig endring av alkohollova sine føresegner om maksimaltid for skjenking under fotball VM for herrar 2026. Det vert teke atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget.

Det vert gjort slik endring i "Forskrift om sals- og skjenketider ved omsetning av alkoholholdig drikk, Øygarden kommune, Vestland" FOR-2024-05-23-840:

Ny § 2a: Midlertidig endring av skjenketid for alkohol i perioden 11.06.26 – 19.07.26 – Fotball-VM 2026

For skjenkestadar som viser direktesendte kampar for staden sine gjester under Fotball-VM for herrar 2026, kan skjenking av alkohol i Øygarden kommune utvidast slik:

- Alkoholgruppe 1 og 2 (frå 2,5 til 21 volumprosent alkohol) frå kl. 02.00 til kl. 06.00.

Forskriftsendringa trer i kraft frå vedtakstidspunktet og opphøyrer 19.07.26.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Nye opplysingar i saka - etter innkallinga er sendt

Prop. 88 L (2025–2026)

Midlertidig endring av alkoholloven (unntak fra maksimaltiden for skjenking under fotball-VM for herrar 2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Tilråding fra Helse- og omsorgsdepartementet 10. april 2026, godkjent i statsråd samme dag.

[Prop. 88 L \(2025–2026\) - regjeringen.no](#)

Endringsforslag frå KrF Helge Nilsen KrF

Kommunestyret vedtek å ikkje gjera mellombels unntak frå maksimal skjenketid etter alkohollova i samband med Fotball-VM for herrar 2026.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå Helge Nilsen (KrF) 6 mot vart sett opp mot innstillinga. Forslaget vart vedteke med 6 mot 5 røyster. (mindretal 2 H, 2 AP og FrP)

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 024/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek å ikkje gjera mellombels unntak frå maksimal skjenketid etter alkohollova i samband med Fotball-VM for herrar 2026.

025/26: Svar på høyring om integreringsstønad for nyankomne flyktningar

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Levekårsutvalet vedtek å senda slik høyringsuttale i saka:

Øygarden kommune støttar regjeringa sitt overordna mål om å forenkle og styrkje integreringspolitikken, og deler målsetjinga om høgare deltaking i arbeid og samfunnsliv for nykomne flyktningar, samt ordninga med aktivitetsplikt etter avslutta program. Øygarden kommune er positiv til målgruppa og lengda på retten til introduksjonsstønad, og det er naturleg at det kjem ei plikt for å sende borna sine i barnehagen.

Integreringsstønaden bør vere eit tydeleg integreringspolitisk verkemiddel, der hovudvekta ligg på deltaking, kvalifisering og overgang til arbeid heller enn eit migrasjonsregulerande tiltak. Om integreringsstønaden samla sett vert lågare enn dagens støtteordningar er det ein risiko for auka fattigdom blant barnefamiliar som kan påverke barn sin deltaking i skule, fritidsaktivitetar og sosiale liv.

Faste satsar for integreringsstønad og bu-utgifter som er foreslått tek ikkje omsyn til lokal variasjon i kommunane, med tanke på geografi, demografi, kollektivtrafikk, tenestetilbod samt bustad- og arbeidsmarknad. Låge satsar for livsopphald primært vil verke som ei kjelde til stress og auka sårbarheit, heller enn ein effektiv motivasjonskatalysator for rask integrering. For å sikre god integrering og livskvalitet, må ein difor understreke behovet for psykososial oppfølging og tilrettelegging, heller enn økonomisk press. Øygarden kommune har eit sterkt fokus på førebyggjande tiltak for å hindre utanforskap og barnefattigdom. I dette forslaget vil einslege føresette vere særleg sårbare. I forslag til ny integreringsstønad har ein sett faste husleigesatsar som ikkje er realistiske i mange fleire kommunar enn dei 15 som er nemnt i høyringsnotatet og Øygarden kommune er blant desse. Vi er og bekymra for at lågare husleigesatsar vil minske mangfald i nabolag, og gje ei opphoping i områder som er utsett for dårlegare levekår. Ein trygg og stabil bustadsituasjon må bli vektlagt.

Vi forstår omsynet til å unngå dobbelkompensasjon og sikre ein effektiv bruk av offentlege midlar. Samtidig reiser forslaget fleire prinsipielle og praktiske problemstillingar som det er viktig å belyse. Departementet må pårekna at det vil vere behov for auka løyvingar til både organisering av tiltak, bemanning og administrativ kapasitet i kommunen. Utan dette kan det bli krevjande for kommunen å busetje flyktningar eller å følgje dei opp over fem år. I tillegg vil flyktningane ikkje ha tilgang på Nav tiltak som t.d Kvalifiseringsprogrammet.

Alternativt forslag - Ny modell for integreringsstønad med fokus på arbeid og lokal berekraft Kristin Børve Jacobsen FrP

Øygarden kommune støttar behovet for ei reform av integreringsstønaden. For å sikra eit berekraftig velferdssamfunn og ei vellukka integrering, meiner vi følgjande prinsipp må liggjast til grunn:

Vi støttar ei justering av stønadsnivået slik at det gir eit tydelegare økonomisk incentiv til å velja arbeid framfor stønad. Ved å harmonisere ytingane med nabolanda våre, sender vi eit signal om at deltaking i det norske arbeidsmarknaden er målet frå dag éin. Dette handlar ikkje berre om økonomi, men om verdigheita i å kunne forsørgja seg sjølv.

Samstundes som vi ønskjer lågare grunnyting, kjenner vi på behovet for å sikre at barnefamiliar har ein forsvarleg levekårssituasjon. Eventuelle innsparingar i den generelle stønaden bør sjåast i samanheng med målretta tiltak som sikrar deltakinga til barna i fritidsaktivitetar og utdanning, framfor flate kontantyttingar.

Framlegget om at integreringsstønaden skal erstatte retten til sosialhjelp og bustøtte dei første åra er eit viktig grep. Dette vil forenkle saksbehandlinga for kommunen og gi flyktningane ein meir føreseieleg økonomi å forhalda seg til. Dette er nødvendig for å forenkle systemet og sikre at det økonomiske handlingsrommet til kommunen ikkje blir undergrave av statlege integreringsprosjekt.

Vi støttar ei strengare aktivitetsplikt. Integrering er ein gjensidig kontrakt. Ved å stille tydelege krav til norskopplæring og arbeidsretta aktivitet, sikrar vi at ressursane blir brukte der dei gir best effekt.

Kommunen må ha verkøya som trengst for å sanksjonere ved manglande oppfølging, for å halde oppe motivasjonen i programmet.

Integreringspolitikken må ta omsyn til den faktiske kapasiteten i kommunen når det gjeld bustader, helsetenester og skule. Ein modell som legg opp til sjølvforsørging raskare, vil lette trykket på dei kommunale tenestene og sikre at vi kan gi eit godt tilbod til alle innbyggjarar i kommunen.

Tilleggsforslag - Ny modell for integreringsstønad med fokus på arbeid og lokal bærekraft Kristin Børve Jacobsen FrP

Faste satsar for integreringsstønad og bu-utgifter som er foreslått tek ikkje omsyn til lokal variasjon i kommunane, med tanke på geografi, demografi, kollektivtrafikk, tenestetilbod samt bustad- og arbeidsmarknad. Låge satsar for livsopphald primært vil verke som ei kjelde til stress og aukasårbarheit, heller enn ein effektiv motivasjonskatalysator for rask integrering.

For å sikre god integrering og livskvalitet, må ein difor understreke behovet for psykososial oppfølging og tilrettelegging, heller enn økonomisk press.

Øygarden kommune har eit sterkt fokus på forebyggjande tiltak for å hindre utanforskap og barnefattigdom. I dette forslaget vil einslege føresette vere særleg sårbare.

I forslag til ny integreringsstønad har ein sett faste huseleige satsar som ikkje er realistiske i mange fleire kommunar enn dei 15 som er nemt i høyringsnotatet og Øygarden er blant desse. Vi er også bekymra for at lågare huseleigesatsar vil minske mangfald i nabolag, og gje ei opphoping i områder som er utsett for dårlegare levekår. Ein trygg og stabil bustadsituasjon må bli vektlagt.

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart sett opp mot forslaget frå Kristin Børve Jacobsen (FrP), fekk 3 røyster og fall (Ap 2 og SP 1). Forslaget frå FrP vart vedteke med 8 røyster.

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 025/26

Øygarden kommune støttar behovet for ei reform av integreringsstønaden. For å sikra eit berekraftig velferdssamfunn og ei vellukka integrering, meiner vi følgjande prinsipp må liggjast til grunn:

Vi støttar ei justering av stønadsnivået slik at det gir eit tydelegare økonomisk incentiv til å velja arbeid framfor stønad. Ved å harmonisere ytingane med nabolanda våre, sender vi eit signal om at deltaking i det norske arbeidsmarknaden er målet frå dag éin. Dette handlar ikkje berre om økonomi, men om verdigheita i å kunne forsørgja seg sjølv.

Samstundes som vi ønskjer lågare grunnyting, kjenner vi på behovet for å sikre at barnefamiliar har ein forsvarleg levekårssituasjon.

Eventuelle innsparingar i den generelle stønaden bør sjåast i samanheng med målretta tiltak som sikrar deltakinga til barna i fritidsaktivitetar og utdanning, framfor flate kontantytningar.

Framlegget om at integreringsstønaden skal erstatte retten til sosialhjelp og bustøtte dei første åra er eit viktig grep. Dette vil forenkle saksbehandlinga for kommunen og gi flyktningane ein meir føreseieleg økonomi å forhalda seg til.

Dette er nødvendig for å forenkle systemet og sikre at det økonomiske handlingsrommet til kommunen ikkje blir undergrave av statlege integreringsprosjekt.

Vi støttar ei strengare aktivitetsplikt. Integrering er ein gjensidig kontrakt. Ved å stille tydelege krav til norskopplæring og arbeidsretta aktivitet, sikrar vi at ressursane blir brukte der dei gir best effekt. Kommunen må ha verktøya som trengst for å sanksjonere ved manglande oppfølging, for å halde oppe motivasjonen i programmet.

Integreringspolitikken må ta omsyn til den faktiske kapasiteten i kommunen når det gjeld bustader, helsetenester og skule. Ein modell som legg opp til sjølvforsørging raskare, vil lette trykket på dei kommunale tenestene og sikre at vi kan gi eit godt tilbod til alle innbyggjarar i kommunen.

Faste satsar for integreringsstønad og bu-utgifter som er foreslått tek ikkje omsyn til lokal variasjon i kommunane, med tanke på geografi, demografi, kollektivtrafikk, tenestetilbod samt bustad- og arbeidsmarknad. Låge satsar for livsopphald primært vil verke som ei kjelde til stress og aukasårbarheit, heller enn ein effektiv motivasjonskatalysator for rask integrering. For å sikre god integrering og livskvalitet, må ein difor understreke behovet for psykososial oppfølging og tilrettelegging, heller enn økonomisk press.

Øygarden kommune har eit sterkt fokus på forebyggjande tiltak for å hindre utanforskap og barnefattigdom. I dette forslaget vil einslege føresette vere særleg sårbare.

I forslag til ny integreringsstønad har ein sett faste huseleige satsar som ikkje er realistiske i mange fleire kommunar enn dei 15 som er nemt i høyringsnotatet og Øygarden er blant desse. Vi er også bekymra for at lågare huseleigesatsar vil minske mangfald i nabolag, og gje ei opphoping i områder som er utsett for dårlegare levekår. Ein trygg og stabil bustadsituasjon må bli vektlagt.

026/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Levekårsutvalet 22.04.2026

Samarbeid om Torvhus i Tjeldstømarka Synne Nordøy H

"Jeg ble i januar invitert til møte med Tjeldstø Grendalag, som jobber med å bygge torvhus i Tjeldstømarka i samarbeid med lokale ildsjeler og Øygarden ungdomsskole. Prosjektet er finansiert av sponsormidler, og elever har fått praktisk erfaring med snekring og bygging.

Øygarden ungdomsskole ønsker å delta med 10–30 elever i 6–8 dager årlig, men mangler midler til transport. Grendalaget ønsker også å inkludere flere ungdomsskoler i kommunen. Tiltaket vil ellers ikke medføre kostnader utover transport, og kunne vært et godt alternativ for elever som trenger en annen skolehverdag enn i klasserommet.

Hvordan kan grendalaget gå frem for å etablere et samarbeid med kommunen og de andre skolene om dette?"

Svar:

Representanten kan be grendalaget om å sende ein e-post til kommunalsjef oppvekst, som vil vurdere vidare saksgang.

Spørsmål - Responstid sjukeheimar Kjell Rune Garlid SL-TVØ

Kor lang responstid er det frå pasient trykker på alarman på sjukeheimane til han får hjelp ?

Svar:

Det er ingen standardtid på kor lang tid dette er, men i utgangspunkt skal responsen skje så fort som det er mogeleg.

Oppfølgingsspørsmål frå representanten Garlid:

Er det mogleg å gje eit meir nøyaktig svar til neste møte?

Behandling i møtet

Vedtak i Levekårsutvalet 22.04.2026 - saksnr. 026/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

027/26: Kulturprisen 2025 - ny behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Levekårsutvalet vedtek å dele ut Kulturprisen 2025 til:

Levekårsutvalet 22.04.2026
